



**LINDÅS KOMMUNE**  
Interne stabstenester

## Melding om vedtak

Det Kongelige Finansdepartement

Postboks 8008 Dep.  
0030 Oslo

Dykkar ref.

Vår ref.  
2007/1774 - 27259/2008

Inger- Marie Nordland

Arkivkode  
232

Dato  
02.12.2008

### **Høyring - Forslag om grense for utskriving av eideomsskatt i sjøområdet**

Vedlagt følger saksutgreiing med uttale.

Namn på sakshandsamar går fram av vedlagte sak. Ved eventuelle spørsmål kan sakshandsamar kontaktast via kommunen sitt sentralbord.

Med helsing

Inger- Marie Nordland  
administrasjonssekretær



Utvallsak nr.	Utval	Møtedato
120/08	Kommunestyret	27.11.2008

## Høyring - Forslag om grense for utskriving av eigedomsskatt i sjøområdet

### Saksdokument ikkje vedlagt:

Brev frå Finansdepartementet av 20.10.2008

Oppsummering frå KS frå møte om arealavgift og skattelegging av oppdrettsanlegg, 28.10.2008

### **Saksutgreiing:**

Finansdepartementet har sendt ut høyringsforslag om innføring av ei grense for kor langt ut i sjøområdet kommunane kan skrive ut eigedomsskatt. Det er føreslege at grensa blir trekt ved dei såkalla grunnlinjene med verknad frå skatteåret 2009. Grunnlinjene skal trekkjast som rette linjer mellom dei yttarste skjæra ved lågvatn, tvers over fjordmunningar.

Hittil har kommunane lagt til grunn at det kan skrivast ut eigedomsskatt til territorialgrensa – 12 nautiske mil.

Høyringsforslaget vil altså bety ei vesentleg innsnevring av eigedomsskatteområdet. For kommunar som skattlegg oljeleidningar m.v. i sjøområdet, vil den aktuelle endringa få betydelige økonomiske konsekvensar.

Det blir dessutan fremja eit lovforslag om at flytande anlegg i sjø for oppdrett av fisk, skjell og andre marine arter blir likestilte med verk og bruk, slik at det kan skrivast ut eigedomsskatt når anlegget har vore stasjonært i kommunane i over 6 månader i året før skatteåret. Med til oppdrettsanlegg skal reknast fysiske installasjonar som merdar, flytemodular, foringsmaskiner, foringslager, opphaldsrom og sanitæranlegg m.v., samt anker og lodd til forankring.

Fiskebestanden i anlegget og tilbehør som båtar og anna lausøyre vil ikkje kunne skattleggast. Forslaget betyr at kommunar som skriv ut eigedomsskatt på verk og bruk eller i hele kommunen, også skal skrive ut eigedomsskatt på oppdrettsanlegga. Oppdrettsanlegg vil etter dette kunne skatteleggjast uavhengig av om anlegget er forankra til land eller til sjøbotnen, og er flyttbart.

Oppdrettsanlegga skal takserast til omsetningsverdi. Verdien av konsesjon skal ikkje takast med ved takseringa.

Ein overgangsregel vil gi kommunar som skriv ut eigedomsskatt på oppdrettsanlegg i 2009, frist for samla utskriving til utgangen av juni 2009.

## **Vurdering:**

### **a) Grense for utskrivning av eigedomsskatt i sjøområdet**

Eigedomsskattelova sitt verkeområde i sjøterritoriet har mellom anna betydning for skattelegginga av oljeinstallasjonar, rørleidningar, elektroniske kommunikasjonsanlegg, vindkraftanlegg og oppdrettsanlegg. Saka har såleis stor økonomisk betydning for mange av eigedomsskattekommunane langs kysten. I tillegg er det av prinsipiell betydning å forhindre at kommunane si mynde i sjøen blir snevra inn.

For Lindås kommune har rådmannen anslege det årlege tapet til 600 000 kr. Dette er eigedomsskatt frå Vestprosess rør og Troll oljerør I og II.

Innføring av grense for utskrivning av eigedomsskatt i sjøområdet er derfor inga god løysing. Ei slik endring vil føre til betydelege tap for kommunane og ei skattemessig forskjellsbehandling av anlegg og installasjonar ("verk og bruk") på land og delvis i sjøen. Det vil framstå som kunstig å avgrensa skatteplikta til den landbaserte delen av slike anlegg.

Forslaget kan føre til at områda rett utanfor grunnlinjene blir brukt til t.d. oppdrett og vindmølleanlegg utan at kommunane kan krevje økonomisk kompensasjon i form av eigedomsskatt, eller eventuelt arealavgift, for ulempene som dette medfører.

### **b) Eigedomsskatt på oppdrettsanlegg**

Etter rådmannens vurdering er det inga god løysing å innføre eigedomsskatt på oppdrettsanlegg slik som føreslege. Dette vil berre gje småsummar til kommunane. Kostnadane til taksering vil truleg overgå inntektene, og dette saman med eit innfløkt takseringsgrunnlag vil berre føre til meir byråkrati og på inga måte bli noko kompensasjon for å stille areal til rådvelde for næringa.

Ei betre løysing ville vore å innføre ei betalingsordning (arealavgift) slik kommunane tidlegare hadde fått signal om. Dette kunne vore gjort frå staten si side utan at samla skatte- og avgiftstrykk for næringa hadde auka.

Rådmannen rår etter dette til at Lindås kommune rår Stortinget til å seie nei til innføring av eigedomsskatt på oppdrettsanlegg på dei vilkåra som er føreslegne og heller arbeide vidare med ei betalingsordning der kommunane får inntekter utan at næringa sitt skatte- og avgiftstrykk blir auka. Næringsdrift i sjøområdet vil få større forståing i lokalbefolkninga dersom næringsdrivande som bruker fellesskapets ressursar i sjøen, yter kompensasjon til fellesskapet, ved kommunen.

## **Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

1. Innføring av grense for utskrivning av eigedomsskatt i sjøområdet er inga god løysing. Ei slik endring vil føre til betydelege tap for kommunane og ei skattemessig forskjellsbehandling av anlegg og installasjonar ("verk og bruk") på land og delvis i sjøen. Det vil framstå som kunstig å avgrensa skatteplikta til den landbaserte delen av slike anlegg.  
Forslaget kan føre til at områda rett utanfor grunnlinjene blir brukt til t.d. oppdrett og vindmølleanlegg utan at kommunane kan krevje økonomisk kompensasjon i form av eigedomsskatt for ulempene som dette medfører.  
Lindås kommune vil derfor motsetje seg at eigedomsskattelova sitt verkeområde i sjøområdet blir innskrenka.
2. Lindås kommune rår Stortinget til å seie nei til innføring av eigedomsskatt på oppdrettsanlegg på dei vilkåra som er føreslegne og heller arbeide vidare med ei betalingsordning der kommunane får inntekter utan at næringa sitt skatte- og avgiftstrykk blir auka. Næringsdrift i sjøområdet vil få større forståing i lokalbefolkninga dersom næringsdrivande som bruker fellesskapets ressursar i sjøen, yter kompensasjon til fellesskapet, ved kommunen.

## **Handsaming i Kommunestyret - 27.11.2008**

### **Framlegg frå B. Brunborg, Ap:**

Pkt. 1. Som rådmannen sitt framlegg.

Pkt. 2. Strykast.

Framlegget vert samrøystes vedteke.

### **Uttale i Kommunestyret - 27.11.2008**

Innføring av grense for utskriving av eigedomsskatt i sjøområdet er inga god løysing. Ei slik endring vil føre til betydelege tap for kommunane og ei skattemessig forskjellsbehandling av anlegg og installasjonar ("verk og bruk") på land og delvis i sjøen. Det vil framstå som kunstig å avgrensa skatteplikta til den landbaserte delen av slike anlegg.

Forslaget kan føre til at områda rett utanfor grunnlinjene blir brukt til t.d. oppdrett og vindmølleanlegg utan at kommunane kan krevje økonomisk kompensasjon i form av eigedomsskatt for ulempene som dette medfører.

Lindås kommune vil derfor motsetje seg at eigedomsskattelova sitt verkeområde i sjøområdet blir innskrenka.